

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 13.søndag i treeiningstida – 8.september 2019

Preiketekst: Apgj 6,1-7

Lesetekst I: 2 Mos 18,13-24

Lesetekst II/Evangelietekst: Joh 15,13-17

## Evangeliet til alle folk – ikkje ei solistoppgåve

Eg er svært taknemleg for at apostlane valde å prioritere og løyse utfordringane slik dei gjorde. I skrivande stund er vi på ferietur i det vakre landet vårt - og sit for øyeblikket og nyt synet av 'Dei sju systre' i kveldslys. Før det har vi kryssa landet på tvers og på langs og lagt bak oss meir enn 2000 km. På denne reisa har vi passert ei mengd med kyrkjer. Over alt der vi har fare, står dei. Gamle, nye – trekyrkjer, steinkyrkjer – raude, kvite – store og små ... Nokre er plassert på små høgder der berre spiret stikk opp mellom ei krans av lauvrike tre. Nokre står langt ute på ei øy, andre er omgjevne av bygater. Berre nokre få har vi sett frå innsida, dei fleste har vi berre fare forbi.

Skal tru om dei hadde stått der i dag, om apostlane ikkje hadde prioritert som dei gjorde? Eit umuleg spørsmål, men likevel ...?

### Forkynning av evangelieordet som prioritet

Under omvising i gamle Gildeskål kyrkje – der kyrkjerommet har form som ein stor L – var det ein 10-12 åring som meinte at dei som sat heilt bakerst i L-en umuleg kunne sjå det som gjekk føre seg ved altaret. Til svar peikte omvisaren på preikestolen som står høgt på hjørnet midt i kyrkja, mellom dei to 'romma', og viste til at når presten sto der, kunne alle både sjå og høyre, og frå reformasjonen vart dette sett på som det viktigaste.

Det første som slår meg når eg har lese preiketeksten for denne søndagen, er at apostlane – saman med kyrkjelyden – gjorde ei prioritering ut frå det dei såg som den aller viktigaste oppgåva dei hadde fått – saman med den aller viktigaste 'arbeidsreiskapen': «Sjølve skal vi halda oss til bøna og tenesta med Ordet.»

Heilt uavhengig av kva val og prioritering apostlane og kyrkjelyden elles hadde gjort - - dersom dei ikkje hadde formidla Ordet vidare, hadde vi ikkje hatt ei einaste kyrkje å sjå i bygdene og byane våre. Og kva for eit Ord det gjeld, kan vi mellom anna finne kort presisering av i Peters forsvarstale for det jødiske rådet og dei eldste i Apg 4,9-12: «*Når vi i dag blir forhøyrd for ei velgjerning mot ein sjuk mann, og de spør korleis han vart lækt, då skal de alle og heile Israelfolket vita dette: Når denne mannen står frisk framfor dykk, er det ved namnet til Jesus Kristus ... Det er ikkje frelse i nokon annan, for under himmelen er det ikkje gjeve menneska noko anna namn som vi kan bli frelste ved.*» - og med sluttreplikken frå Peter og Johannes v.20: «*Vi kan ikkje anna enn tala om det vi har sett og høyr.*»

### Den første kyrkjelyden

Den aller første kyrkjelyden av Jesus-truande finn vi i Jerusalem. Det var jødar som var komne til tru og hadde samla seg rundt apostlane, - og kanskje nokre proselyttar, ikkje-jødar som hadde teke ved den jødiske trua. Av teksten denne søndagen går det fram at det var ei samansett foramling av

både hebraisktalende og gresktalende jødar. Det siste var svært vanleg, då ganske mange jødar var busette i store område i landa omkring, og mange også oppvaksne der.

Det er tydeleg at det ikkje var berre sjølv *trua* forsamlinga hadde felles. Heilt frå starten ser vi at dei også hadde eit sterkt praktisk-økonomisk fellesskap prega av omsut for at alle skulle ha det dei trong til det daglege (Apg 2,44f). Etter det eg kan skjønne, var ikkje dette noko heilt nytt, som først skjedde etter pinsedagen, men ei vidareføring av slik det må ha vore også i tida dei var samla rundt Jesus og følgde han. Fleire stader i evangelia finn vi korte setningar som fortel om korleis desse vart økonomisk og praktisk understøtta (Matt 27,55; Mark 15,41; Luk 8,3). Og å ta seg av enkjer og foreldreause var ei viktig oppgåve både i jødisk og kristen samanheng (Sak 7,10; Jak 1,27).

## **Sosial konflikt**

Men skilnaden mellom dei som tala hebraisk (arameisk) og dei som tala gresk var tydelegvis ikkje berre språkleg; den spegla også ein sosial skilnad der dei hebraisktalende ser ut til å ha stått høgare i rang. I v.1 ser vi at dette gav seg utslag når utdelinga av det ein trong til det daglege tok til. Då vart dei hebraisktalende enkjene prioriterte framfor dei gresktalende – noko som naturleg nok skapte misnøye. Kven som då hadde hand om denne utdelinga, blir ikkje sagt noko direkte om, men fleire ting kan tyde på at det var apostlane sjølv. Når praksis blir endra, er det i alle høve slik at apostlane seier til seg sjølv: «Det er ikkje rett at vi forsømer Guds ord for å gjera teneste ved borda» og når kyrkjelyden kom med det dei hadde til felles bruk, la dei det ned for apostlane, slik at kvar einskild sidan kunne få det dei trong (4,35).

## **Uverdigg ei Jesus-truande forsamling'**

Med dette som bakgrunn finn eg tre viktige poeng i dette tekstavsnittet. Det første at slike skilnader som hadde oppstått her, ikkje høyrer heime i ei Jesus-truande forsamling. At alle har same verdi og har rett til å bli vurdert og behandla likt, gjeld sjølvsagt uansett kulturell, religiøs, rasemessig eller annan skilnad. Men i særleg grad gjeld det mellom kristne sysken – Jak 2,9; 1 Kor 11,21f. Det er eit spørsmål det alltid er grunn til å stille – om vi på nokon måte står i fare for å gjere same feil som apostlane gjorde mot dei gresktalende enkjene. I dag kan det mellom anna vere freistande å spørje om vi har rette haldningar til 'dei hebraisktalane'/jødar i alle samanhengar? Er det eigentleg rett å stille større krav til dei i politisk, kulturell og økonomisk samanheng enn vi i stor grad gjer til andre folkegrupper og nasjonar? Vi kan i alle fall godt stille oss spørsmålet.

## **Ingenting må bli eit hinder for forkynninga av Ordet**

I forsamlinga i Jerusalem kunne det fort blitt slik at forkynninga av ordet om Jesus kunne ha kome i andre rekke. Apostlane kunne ha drukna i dei praktiske oppgåvene. I tillegg kunne den urettferda som hadde utvikla seg blitt eit hinder for god kommunikasjon av eit evangelium for alle. Når apostlane vel å gjere om på praksis og samstundes få slutt på uretten, er det tydeleg at dei ser denne faren og vel ein praksis som set sjølv forkynninga og undervisninga i sentrum. Igjen melder det seg eit nytt spørsmål til ettertanke: Gjer vi tilsvarande vurderingar (kan også kallast evalueringar), slik at forkynninga av evangeliet alltid står øvst på prioriteringslista? Har vi ein praksis som prioriterer både den nære forkynninga og misjonsforkynning til alle folkeslag? Er forkynning til det jødiske folk med i denne prioriteringa? Dei har heller ingen annen frelsesveg enn Jesus Messias.

## **Kyrkjelyden sine oppgaver er ikkje soloarbeid**

For å nå desse måla, valde apostlane å etablere ei ny teneste – ei praktisk teneste med å ta seg av utdelinga av det kvar enkelt trong til det daglege. Det var ikkje ei annanrangs oppgåve. Det ser vi mellom anna av kriteria for å bli utpeikt. Sju namngjevne menn blir valde, og dei blir innsette ved handspålegging og bøn. Sjølv om det i utgangspunktet er for å ta seg av ei praktisk oppgåve, betyr det ikkje at oppgåva var avgrensa til berre dette. Det ser vi mellom anna når vi møter Filip att i andre samanhengar – Apg 8,5 og 21,8, der han også blir omtala som evangelist. Ikkje minst er det slik at det mest sentrale av alle arbeidsmidla, bøna, er ei teneste som gjeld absolutt alle i

kyrkjelyden, heilt uavhengig av om ein har ei bestemt teneste eller ikkje. Ein konklusjon på dette, blir då at kyrkja og kyrkjelydane treng mange ulike medarbeidarar. Uavhengig av kva oppgåve og prioritet dei einskilde medarbeidarane har, er det feil å tenke at dei har ulik verdi. Dei er alle like viktige. Og uavhengig av kva oppgåve ein har, så har alle del i sjølve hovudoppgåva: Å forkynne Ordet, evangeliet om Jesus Kristus, både når ein utfører dei reint praktiske oppgåvene, og ved å ta del i sjølve vitne- og undervisningstenesta, der det er naturleg. At vi som medarbeidarar i den kristne kyrkja har ein slik tanke om og respekt for kvarandre, er heilt avgjerande for å ha ei sunn teneste og sunne kyrkjelydar.

..... Kanskje har desse tankane – om eit svært interessant tekstavsnitt – som har blitt til etter vegen gjennom vårt langstrakte land og avslutta på ein campingplass ved ei stille elv i Trøndelag – ikkje så langt frå staden som i skrivande dagar markerer starten på vår kyrkje si historie i Noreg – blitt litt annleis enn om eg hadde satt heime i 'studerammeret'. Men eg håper dei likevel kan vere med og gje impulsar til denne tenesta som altså er den viktigaste av alle: Å stadig bringe Ordet vidare – det Ordet som gjev oss Kristus-livet.

**Knut Fredrik Sørheim**

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyremedlem i Bergen krins av DNI.

[knutforsheim@gmail.com](mailto:knutforsheim@gmail.com)